



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Deres ref

Vår ref
14/1257

Dato
22.04.2014

Godkjenning av regional planstrategi for Hordaland 2012-2016

Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 ble sendt over til sentral godkjenning 7. februar 2013. Planstrategien er utarbeida etter føresegn i plan- og bygningslova og vedteke i fylkestinget 12. desember 2012. Myndigheita til å godkjenne regionale planstrategiar ble delegert til Miljøverndepartementet ved kongeleg resolusjon 24. mai 2013 og overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet ved kongeleg resolusjon 13. desember 2013. Ved godkjenninga har departementet vurdert planstrategien på bakgrunn av nasjonal politikk.

Departementet har følgjande hovudsynspunkt på den regionale planstrategien for Hordaland:

- Departementet understrekar behovet for at det i arbeidet med by- og tettstadutvikling blir planlagt tilstrekkeleg bustadbygging. Dette gjeld særleg i og i nærleiken av kollektivknutepunkt.
- Departementet meiner at det er viktig med god samordning mellom fylket sitt arbeid med ein hamneplan for regionen og Jernbaneverket sitt arbeid med konseptvalutgreiing for eit nytt logistikknutepunkt i Bergensområdet.
- Departementet meiner at fylkeskommunen bør vurdere behovet for at kompetanseplanen og omfattar samarbeid om initiativ for etter- og vidareutdanning og fleksible utdanningstilbod. Dette vil vere viktig for tilgang på relevant kompetanse i dei regionale arbeidsmarknadene.

1. Grunnlaget for departementet si godkjenning av den regionale planstrategien

Departementet si godkjenning av den regionale planstrategien omfattar vurdering av:

- Dei regionale utfordringane
- Kva som skal følgjast opp gjennom regionale planar
- Statleg medverknad og oppfølgingsansvar.

2. Departementets merknadar

a. Vurdering av dei regionale utfordringane

Departementet meiner at planstrategien lyfter fram sentrale utfordringar for Hordaland, og at dette er eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med utviklinga i fylket.

b. Vurdering av kva som skal følgjast opp gjennom regionale planar

Departementet konstaterar at fylkeskommunen har vedteke seks nye regionale planar og at det er starta opp arbeid med fleire andre planar. Departementet stør synspunktet om at ein må vere varsam med å setje i gang for mange planprosessar, fordi det er ressurskrevjande for deltakarane og fordi det er fare for overlappande planarbeid.

Klima og energi

Det er positivt at fylket reviderer klimaplanen, og legg auka vekt på energispørsmål. I denne samanhengen meiner departementet at fylkeskommunen bør utvide planen til å vere ein klima- og energiplan, og innarbeide ein oppdatert omtale av vindkraftspørsmål som del av planen.

By- og tettstadutvikling

Departementet understrekar behovet for at det i arbeidet med by- og tettstadutvikling blir planlagt tilstrekkeleg bustadbygging. Dette gjeld særleg ved utbygging i og i nærleiken av kollektivknutepunkt ut frå miljøomsyn. Det bør leggjast til rette for friluftsliv, ved å ta vare på, og vidareutvikle, grøntstrukturen.

Samferdsel og infrastruktur

Departementet vil peike på at regjeringa har vedteke at strekninga E39 Aksdal-Bergen skal leggjast til midtre line, og planlegginga skal gjerast i form av ein statleg plan på kommunedelplannivå. Dei aktuelle regionale planane må utarbeidast innanfor ramma av dette vedtaket. Departementet understrekar at fylket bør sjå tilrettelegging for gåande og syklistar i samanheng med dei andre transportformene og den samla arealbruken. Departementet meiner vidare at samferdselsplanar og skal vektlegga omsynet til naturmangfald-, kulturminne- og kulturmiljø- og landbruksinteresser i samsvar med regelverk på desse områda. Jernbaneverket vil om kort tid starte opp arbeidet med ein konseptvalutgreiing (KVU) for eit nytt logistikkknutepunkt i Bergensområdet. Departementet sitt syn er at det er viktig med god samordning mellom fylket sitt arbeid med ein hamneplan for regionen og Jernbaneverket sitt arbeid med konseptvalutgreiinga.

Verdiskaping og næringsutvikling

Departementet er positivt til at fylket prioriterar å utarbeide ein regional plan for kompetanse og næringsliv og ein utviklingsplan for indre delar av Hordaland. Departementet ser i den samanheng på samarbeid om initiativ for etter- og vidareutdanning og fleksible utdannings-tilbod, som viktig for tilgang på relevant kompetanse i dei regionale arbeidsmarknadene. Fylkeskommunen bør vurdere behovet for at kompetanseplanen og omfattar desse spørsmåla.

Regjeringa legg til rette for vekst i mineralnæringa, mellom anna ved å sikre kunnskapsbaserte planprosessar. Departementet meiner at fylkeskommunen gjennom si planlegging bør synleggjere mineralressursane i fylket.

Natur, kulturmiljø og landskap

Departementet ser positivt på vedtaket om å utarbeide regionale planar for kystsona og for landskap, grøntstruktur og friluftsområde i Hordaland. Planane må sjåast i nær samanheng, slik at dei ikkje overlappar kvarandre.

Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Departementet ser positivt på at fylkestinget slår fast at prinsippet om omsynet til folkehelse skal vere synleg i alle planar. Departementet viser til folkehelseutfordringane vi står ovanfor med ei auke i kroniske sjukdomar knytt til mellom anna livsstil og miljøfaktorar. Samordna areal- og transportplanlegging som legg vekt på klima og folkehelse kan fremme vilkåra for god helse gjennom mellom anna reduksjon i lokal luftforureining og støy, auka fysisk aktivitet gjennom sykkel og gange, og gjennom å skape og oppretthalde bu- og nærmiljø som varetek ulike grupper si trong for aktive og sosiale liv.

c. Vurdering av statleg medverknad og oppfølgingsansvar

Departementet føreset at statleg medverknad og oppfølgingsansvar blir utdjupa i plan-programma for dei aktuelle planane. Departementet vil peike på betydinga av at fylkesmannen kjem tidleg inn ved oppstart av alle planprosessar for å vurdere kva statlege etatar det er naudsynt å trekke inn i det enkelte planarbeidet.

3. Avslutning

I godkjenninga av den regionale planstrategien er det ikkje tatt stilling til økonomiske prioriteringar, nye føringar, eller forventningar til oppgåveløysing i fylkeskommunane, utover det som alt er pålagt i lover og forskrifter. Det er i godkjenninga heller ikkje tatt stilling til konkrete planspørsmål eller målkonfliktar. Dette skal takast opp i arbeidet med dei regionale planane. Godkjenninga av den regionale planstrategien omfattar ikkje konkret ressursbruk. Prioritering og tildeling av ressursar blir vurdert gjennom dei årlege budsjettprosessane.

Departementet forventar at merknadane i dette brevet blir lagt til grunn i den vidare planlegginga. Vi oppmodar fylkeskommunen om å gjere innhaldet kjent for dei som blir omfatta av den regionale planstrategien.

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 7-2, ved delegert myndigheit gitt i kongelege resolusjonar 24. mai og 13. desember 2013, godkjenner Kommunal- og moderniseringsdepartementet regional planstrategi for Hordaland 2012-2016, vedteke av fylkestinget 12. desember 2012 med dei merknadane som er gitt i godkjenningsbrevet.

Med helsing

Jan Tore Sanner

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og sendast utan signatur.

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland
Departementa